

Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 Vinje

Ref : Plan og Næring

Steinstad 25 aug 2025

SØKNAD OM FRÅDELIGN OG SALG AV Utleigehytte

Underteikna har fleire små hus på eigedommen – bla ei utleigehytte som vist på vedlagde kartutsnitt. Denne har me hatt litt utleige på opp gjennom åra , men i det seinare har det ikkje vore maugleg å leige den ut .

Så lenge mannen min levde var det overkommeleg å ta vedlikehald og forvalte husa, og me hadde litt inntekt på denne hytta . Men sidan eg no er aleine ser eg meg ikkje i stand til å ta vare på all husmassa . Eg ynskjer derfor å prøve å selge hytta på eigedomstomt . Og slik terrenget her ser ut tek eg sikte på ei tomt på ca 650 m2

Eg har heller ikkje all verden av sosial omgang , så eg syns det ville berike kvardagen for meg å ha nære naboar .

Eg har sjølv sagt drøfta dette ønsket med dotter mi , og ho er positiv til å selge hytta .

Steinstad er eit bruk med små ressurser og derfor ser eg butrivsel som den viktigaste faktoren for busetting i framtida og butrivsel betingar naboar .

Eg ynskjer å selge på eigedomstomt for slik loven er ville ein framtidig hytteeigar ha rett til å løyse inn ei leigetomt i og med at eg ikkje har så mange at dette er ei viktig inntekt i gardsdrifta.

Vonar Vinje Kommune kan godkjenne dette salget .

Med helsing

Gunn Aslaug Seltveit Bøe

Gunn A. Seltveit Bøe

Arabygdvegen 1568 ,3864 Rauland

steinstad@hotmail.no 90368053